

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.02.2016

Gustav Bahus (Frp) sette på vegner av Frp, KrF, A, MDG, Sp, og H fram slikt forslag:

"Alternativ:

Fylkesutvalet godkjenner revidert og utvida drosjereglement for Bergen køyreområde slik det ligg føre i nærverande sak, *utan ein reduksjon frå 60 % til 50 % i maksimalt tal på tilknytta løyve i ein sentral*. Det reviderte drosjereglementet er ei lokal forskrift og skal kunngjerast i Norsk Lovtidend."

Røysting

Bahus sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 1 røyst (H).

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet godkjenner revidert og utvida drosjereglement for Bergen køyreområde slik det ligg føre i nærverande sak, utan ein reduksjon frå 60 % til 50 % i maksimalt tal på tilknytta løyve i ein sentral. Det reviderte drosjereglementet er ei lokal forskrift og skal kunngjerast i Norsk Lovtidend.